



Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Askedalen 2

6863 Leikanger

Dykkar ref: Sak nr: 16/932-7

Kjøp av fag transport og logistikk.

Viser til Dykkar svar av 12.02.2016, og vil med dette utdjupe litt grunnen til at vi ynskjer å gjennomføre det opplegget som er skissert.

Då det vart bestemt at ein ville legge ned transport og logistikk-klassen i Førde var det ei samla transportnæring som såg at dette ville skape store problem i forhold til rekruttering. Dette og i forhold til at klassen i Førde alltid har hatt flest søkarar og elevar. Transport og logistikknæringa har stort behov for lærlingar og kan ta inn alle som kvalifiserer seg.

Opplæringsavdelinga har uttalt at skulane må bli betre på samarbeid med næringslivet, og då finn vi det svært underleg at fylket vil ta ned klassar i dei næringane ein klarar å få ut alle i lære.

Det er mange elevar på Øyrane VGS som har gått VG1 TIP for å gå vidare på Transport og logistikk. Dei fleste av dei har sagt at dersom dei må flytte til Stryn eller Sogndal så ynskjer dei å ta andre val.

Vi kan ikkje sitje å sjå på at desse elevane ikkje får det valet dei ynskjer når vi i tillegg har så inderleg bruk for dei.

Vi har bede om eit pristilbod på eit opplegg i Førde i forhold til 1 + 3, og kan ikkje sjå av svaret Dykkar at De vil imøtekomme dette. Det verkar som det er prinsipp som skal følgjast, og ikkje at elevar kan få den utdanninga dei ynskjer. Dette er fordi De vil ikkje la desse elevane gå i Førde, men som De skriv i Dykkar svar: « tilby ut frå tilgjengelig kompetanse og kapasitet, då fortrinnsvis i Stryn og Sogndal ». Dette gjer det vanskeleg for desse elevane å søke Dykkar opplegg.

Dersom fylkeskommunen ikkje kan imøtekomme næringa i forhold til det behovet vi har, må vi ta grep og gjere dei nødvendige tiltak for å ha eit tilbod.

Vi føler og at vedtaket i hovudutvalet er gjort på sviktande grunnlag når vi veit kva for behov vår næring har for lærlingar, og interessa frå elevane.

Førde 17.02.2016

Med helsing

Per Andreas Øren

Styreleiar

Rune Apneseth

Dagleg leiar